



## ÅRSBUDSJETT 2021 OG ØKONOMIPLAN 2021-2024

### Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Ungdomsrådet	025/20	10.11.2020
Arbeidsmiljøutvalet	038/20	10.11.2020
Senior- og Brukarrådet	052/20	16.11.2020
Administrasjonsutvalet	012/20	17.11.2020
Utval for levekår	065/20	18.11.2020
Utval for lokal utvikling	097/20	19.11.2020
Time formannskap	128/20	24.11.2020
Time kommunestyre	095/20	15.12.2020

### Framlegg til vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024.*
2. *Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrimmer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2021.*
3. *Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.*
4. *Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:*

Time kommune	31.12.2020	Nye	Redusert	31.12.2021
Oppvekst	563,0	2,6	-0,3	565,3
Omsorg	396,5	7,7	-3,0	401,2
Samfunn	167,1	19,9	-0,4	186,6
Stabstenester	52,8	0,1	-1,4	51,5
<b>Arsverk i alt</b>	<b>1 179,4</b>	<b>30,3</b>	<b>-5,1</b>	<b>1 204,6</b>

5. *Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2021», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, byggje-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrårnsertifiserings-, seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, samt frikjøpsordning for manglande felles uteopphaldsareal i Time kommune 2021.*
6. a) *Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp lån på 130 millionar kroner i 2021. Avdragstida vert sett til 30 år.*  
b) *Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2021. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.*

7. a) *Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2021 vert sett av tildisposisjonsfond.*  
b) *Amortifisert premieavvik for 2020 vert utgiftsført i 2021 og dekt av disposisjonsfondet.*
8. *Det vert ikkje lagt fram ny politisk sak om val av alternativ for framtidig rehabilitering/utbygging av Nye Storstova og Kulturskulelokale før etter 2024, jamfør KS-082/18.*
9. *Kommunestyret ber rådmannen greia ut innføring av eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk og kraftnettet etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c innan neste økonomiplan vert lagt fram, og med mål om utskriving i 2022.*
10. *Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidsretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.*

### **Arbeidsmiljøutvalet**

Utdanningsforbundet: veldig bra å ha fokus på menn inn i Oppvekst.

Delta: Veldig bekymret for investering kontra drift og konsekvenser for de enkelte ansatte. Vi trenger et kompetansesystem- får vi rekruttert inn de beste lederne i Omsorg? Rigger vi oss slik at vi får nok utvikling?

Rådmann: Vi må tilpasse investering og drift og vi har dratt ned investeringsnivået. En faktor: Hognestad skole ble ikke lagt ned- dette er tall som ikke er lagt inn i økonomiplanen.

Fagforbundet: Det er lagt inn en reduksjon i omsorg- hvor skal dette hentes inn?

Kommunalsjef Omsorg: Vi skal opprette ei prosjektgruppe og finne en effektivisering i Omsorg. Vi bruker for mye penger i Omsorg- så vi må ta noen grep.

### **AMU-038/20 Vedtak:**

*Arbeidsmiljøutvalget tar saken til orientering.*

### **Ungdomsrådet**

Ungdomsrådet ønsker å ha eit lite budsett som kan brukast til bl.a.:

Opplæring av ungdomsråd, temasamling med ungdomsråda på Jæren samt utarbeide logo for ungdomsrådet etc.

Fokus på trygge skuleveger

- Bør fornye falma skilt
- Meir synlege skilt i kommunen, bl.a 30 skilt i Hetlandsgata lite synleg.
- Lys ved busstopp på Mossige
- Speil ved rundkøyning/undergang ved Nubben
- Farleg veg ved Åsen
- Trygge skuleveg når ny skule på Vardheia opnar.

Forslaget frå ungdomssrådet vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

Årsbudsjettet 2021 og økonomiplan 2021 - 2024 blir tatt til orientering.

### **UNG-025/20 Vedtak:**

Ungdomsrådet ønsker å ha eit lite budsett som kan brukast til bl.a.:

Opplæring av ungdomsråd, temasamling med ungdomsråda på Jæren samt

utarbeide logo for ungdomsrådet etc.

Fokus på trygge skuleveger

- Bør fornye falma skilt
- Meir synlege skilt i kommunen, bl.a 30 skilt i Hetlandsgata lite synleg.
- Lys ved busstopp på Mossige
- Speil ved rundkøyning/undergang ved Nubben
- Farleg veg ved Åsen
- Trygge skuleveg når ny skule på Vardheia opnar.

Årsbudsjettet 2021 og økonomiplan 2021 - 2024 blir tatt til orientering.

### **Senior- og Brukarrådet**

Forslag frå **Sissel Løchen (FUN)**

Senior-og brukarrådet tek årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 til orientering.

Forslaget frå Sissel Løchen vart samrøystes vedtatt.

### **SBR-052/20 Vedtak:**

*Senior-og brukarrådet tek årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 til orientering.*

### **Administrasjonsutvalet**

Administrasjonsutvalet tek årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024 til orientering.

### **ADU-012/20 Vedtak:**

Administrasjonsutvalet tek årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024 til orientering.

### **Utval for levekår**

Forslag **Unni S. Lende (KrF)** Pkt 8 vert endra til:

Det vert ikkje lagt fram ny politisk sak om val av alternativ for framtidig rehabilitering/utbygging av Nye Storstova før etter 2024, jamfør KS-082/18.

Nytt pkt 11: Me vil be administrasjonen om å legge fram ei sak i fyrste halvår av 2021 om korleis me best mogleg kan legge tilrette for å skape betre forhold for Time kulturskule.

Pkt. 1-7 og 9-10: Årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024 vart teken til orientering (8 røyster).

Pkt. 8: Forslaget frå Unni S. Lende vart vedtatt med leiaren si dobbelstemme, medan 4 røysta for framlegget (Ap, 2H, Sv).

Pkt. 11: Forslaget frå Unni S. Lende vart vedtatt med 8 mot 1 røyst (Frode Hagerup, H) (8 røyster).

### **ULE-065/20 Vedtak:**

*Levekår tek framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024 til orientering med følgjande endringar:*

*8. Det vert ikkje lagt fram ny politisk sak om val av alternativ for framtidig rehabilitering/utbygging av Nye Storstova før etter 2024, jamfør KS-082/18.*

*11. Me vil be administrasjonen om å legge fram ei sak i fyrste halvår av 2021 om korleis me best mogleg kan legge til rette for å skapa betre forhold for Time kulturskule.*

## Utval for lokal utvikling

### Uttale frå **Anders Undheim (Uavh.)**

Prisar 2021, side 8 Parkeringssatsar vert endra til: Parkeringsløyve på skilta parkeringsplassar, for ansatte som har Time kommune som arbeidsgivar.

### Forslag frå **Ole Jørgen Alstadsæter (H)**

Utval for lokal utvikling tek framlegg til årsbudsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 til orientering.

Forslaget frå Ole Jørgen Alstadsæter vart samrøystes vedtatt.

### **ULK-097/20 Vedtak:**

*Utval for lokal utvikling tek framlegg til årsbudsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 til orientering.*

## Time formannskap

Ordfører Andreas Vollsund orientert om vedtak gjort i ULK 19.11.20:

Nytt tiltak under Trafikksikringsplan 2016-2025, s 80 i økonomiplanen blir lagt inn: Trafikksikringstiltak på fv 4424 Åslandsvegen ved adkomstveg til gnr 29 bnr 2 og 4. Kostnad kr 150 000. Vert fullfinansiert ved søknad om fylkeskommunalt tilskot til trafikksikring på fylkesveg.

Fellesforslag frå H, FrP, (MdG), V, KrF v/**Petter L. Stabel (FrP)**

Pkt.:	Kommentar	Tekst
1	Ny tekst	Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024. med endringar i samsvar med vedlagd tabell.
2	Som før	
3	Som før	
4	Som før	
5	Som før	
6	Som før	
7	Som før	
8	Ny tekst	Det vert ikkje lagt fram ny politisk sak om val av alternativ for framtidig rehabilitering/utbygging av Nye Storstova før etter 2024, jamfør KS-082/18.
9	Som før	
10	Som før	
11	Nytt punkt	Kommunestyret ber om ein gjennomgang av kommunale bygg for å vurdere om bygg kan vera eigna til energieffektive løysingar når klimaplanen skal reviderast neste år.
12	Nytt punkt	Kommunestyret ber om ei sak om mogleg badeanlegg i Frøylandsvatnet. Vi ønsker å sjå på dette i samanheng med planen om toalett i Sandtangen.
13	Nytt punkt	Kommunestyret ber om at det blir innført ny eigedomsskatt på

		kraftanlegg, vindkraftverk og kraftnett etter § 3 , frå 1. januar 2021. Kommunestyret ber om at administrasjonen set i gang arbeidet med taksering slik at dette er klart i første halvdel av 2021.
14	Nytt punkt	Kommunestyret ber administrasjonen om å leggja fram ei sak i løpet av 2021 som gjer greie for korleis vi kan leggja best mogleg til rette for betre forhold for Time kulturskule.
15	Nytt punkt	Omstilling av stilling innen park og grønt. Lønnsmiddler til styrking av grøntområda blir dekkja innan avsett ramme innan Eigedom i perioden.
16	Nytt punkt	Kommunestyret ber om at administrasjonen planlegg Haugtussaveka med eigne ansatte slik at arrangementet kan gjennomførast som planlagt.
17	Nytt punkt	Midlene i statsbudsjettet som er knytt til Opptappingsplan for barn og unges psykiske helse i kommunen, vert brukt til å styrke tilbudet om lågterskel psykisk helsehjelp som blir gitt til Familiesenteret.

<b>Driftsbudsjett</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Stilling park og grønt	- 300	- 600	- 600	- 600
Reduksjon næring	- 600	- 1 200	- 1 200	- 1 200
Haugtussaveka	- 250	- 250		
Korona	- 2 000			
Kinoen	- 1 000	- 1 000	- 1 000	- 1 000
Blå kors/natteravner	150	150	150	150
ATV	500	500	500	500
Bryne FK - profileringstilskot	300	300	300	300
Skatepark Undheim	190			
Skuletur	400	400	400	400
Matsentralen	70	70	70	70
Ungdomsråd	20	20	20	20
Hognestad skule		1 800	4 000	4 000
Rammejustering undervisning		- 1 800	- 4 000	- 4 000
endra renter/avdrag	-	60	480	2 680
Kraftskatt?	- 500	- 1 000	- 6 000	- 8 000
Overført til investering	3 020	2 550	6 880	6 680
<b>Sum</b>	-	-	-	-
<b>Investeringsbudsjett</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Storstova	- 500			
Lys Eivindholstjødna	800			
Fotballbane Rosseland	6 000			
Fotballbane Rosseland - Rosseland ballklubb	- 2 000			
Fotballbane Rossaland - refusjon	- 2 000			

Ny idrettshall	5 000	22 000		
Ny idrettshall -spelemidler		- 3 000	- 3 000	- 3 000
Ny idrettshall -Bryne handball		- 4 500		
Parkeringshall	- 5 000	- 7 000		
Gymsal Bryne skule		- 4 000		
Gangsti Undheim-Taksdal	2 200			
Utskiftning av gatelys	- 2 200			
Symjehall			49 000	100 000
Symjehall-spelemidler				- 36 000
Bortfall tilskott vindmøller	1 500	1 500	1 500	1 500
Overført frå investering	- 3 020	- 2 550	- 6 880	- 6 680
Låneopptak	- 780	- 2 450	- 40 620	- 55 820
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Forslag frå **Jone Edland (Ap)**

-Time Arbeiderparti vil innføra gratis SFO til alle elevar på første trinn : kost 800K  
Me ønskjer ikkje at foreldra sin økonomi skal avgjer om eit bar kan delta på SFO eller ikkje, det betyr at elevar kan bli med på læring, både faglig og sosialt, og vær ein del av felleskapet. Dette er eit godt tiltak for tidleg innsats. Det er også ein treng både i Time og resten av landet at unge i låginntektsfamiliar aukar, dette vil være eit godt tiltak for å redusera denne utviklinga. Viss ein ser til Stavanger, så ser ein at når ein innførte dette tiltaket så auka antall barn som brukar SFO. Dette vil au være eit tiltak for å gjera Time Kommune meir attraktive for barnefamilier.

-Me vil gje muligheit for å søkja 50% reduksjon på Kulturskulen etter same kriterier som SFO, dette vil kosta ca. 20000 kr. Me i Time kommune har ein flott kulturskule, denne ønskjer me å gjera meir tilgjengeleg. Heller ikkje her vil me at økonomien til føresette skal være avgjerande for kven som kan delta.

Me vil kutta haugtussa veka. Kost 250K

Me vil ikkje ansetta eit årsverk til skjøtsel av park, grønt og gravplassar, kost 600K

Me vil kutta parkeringshallen til 12 mill. På investering. Me ser ikkje at det skal være behov for å prioritera dette nå.

Me vil ha ein områdeplan for området mellom Time hallen og Rosseland skule, fordi dette er et utrolig viktig område med tanke på fremtidig utvikling av uteområde for skular og idrettshaller, symjehall, fotballbaner. Me meiner dette skal være eit tilgjengelig område for alle og ikkje leggas ut for salg til bustader.

Det er utruleg viktig å få gang på planlegging av ny symjehall, me får fleire elevar, og fleire skular og må sikra at me klarar å tilby lovpålagt symjeopplæring til elevane vårs. Me vil at ein ska starta planlegginga av symjehall i 2021, slik at ein kan fylla vatn i bassenget i 2023.

Me vi gje gratis SFO til alle første klassinger i Time kommune

Me vil redusera kostnadane på kulturskulen

Me vil sikra bruken av eit fantastisk område for barn og unge i kommunen med idrettshall med 2 speleflater, symjehall, ein ny 11`er bane, som sjølv sagt skal ha eit

miljøvennleg granulat og ikkje minst eit stort godt uteområde som kan være ein lekeplass for mange.

Så med dette vil me sei at me har eit budsjett som set dei unge først. Me vil at Time kommune skal været ein attraktiv kommune for barn og unge å bu i og som kan gjer at barnefamilier vel å busetja seg her.

Forslag frå **Ingrid Fiskaa (SV)** Endringsforslag til rådmannen si innstilling:  
Stryk punkt 8.

Erstatt punkt 9 med: Kommunestyret ber rådmannen greia ut innføring av eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §3 bokstav a innan neste økonomiplan vert lagt fram, og med mål om utskrivning i 2022. Det skal vera eit høgt botnfrådrag ved eigedomsskatt på bustader.

Nye forslag:

Reduserte driftsutgifter:

20% reduksjon i lønn til folkevalde - 980 000 kr  
Avvikla stillinga som næringssjef - 950 000 kr

Auka driftsutgifter:

30% redusert pris på SFO, 1. og 2. klasse - 400 000 kr  
Barnetrygd til alle (barnetrygda blir ikkje lenger rekna som inntekt ved utrekning av sosialhjelp, 50% verknad i 2021) - 1 000 000 kr  
Alternativ til vold - 400 000 kr

Reduserte investeringskostnader:

Ikkje bygga parkeringshall ved ny idrettshall på Bryne.

Auka investeringskostnader:

Rehabilitering av Hognestad skule, med oppstart i 2021.

Bygga idrettshall med to speleflater på Bryne.

Starta bygging av symjehall på Bryne i økonomiplanperioden.

Bufellesskap for ungdommar med funksjonshemmingar på Frøyland/Kvernaland.

Skatepark på Undheim (190 000 kr).

Ved utbetring av leikeplassar og ballbingar, skal ein bruka miljøvennlege underlag og fjerna plastgranulat.

Gangsti ved Undheim til Taksdal bru (2,2 mill.). Inndekning frå post 5643 utskifting av lysmaster.

**Avrøysting:**

Forslaget frå Ingrid Fiskaa fekk 1 røyst og falt.

Forslaget frå Jone Edland fekk 1 røyst og falt.

Fellesforslaget frå Petter L. Stabel vart vedtatt med 5 røyster medan 4 røysta for

framlegget (2 Sp, SV, Ap)

**FSK-128/20 Framlegg:**

1. *Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024, med endringer i samsvar med vedlagt tabell.*

<b>Driftsbudsjett</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Stilling park og grønt	- 300	- 600	- 600	- 600
Reduksjon næring	- 600	- 1 200	- 1 200	- 1 200
Haugtussaveka	- 250	- 250		
Korona	- 2 000			
Kinoen	- 1 000	- 1 000	- 1 000	- 1 000
Blå kors/natteravner	150	150	150	150
ATV	500	500	500	500
Bryne FK - profileringstilskot	300	300	300	300
Skatepark Undheim	190			
Skuletur	400	400	400	400
Matsentralen	70	70	70	70
Ungdomsråd	20	20	20	20
Hognestad skule		1 800	4 000	4 000
Rammejustering undervisning		- 1 800	- 4 000	- 4 000
endra renter/avdrag	-	60	480	2 680
Kraftskatt?	- 500	- 1 000	- 6 000	- 8 000
Overført til investering	3 020	2 550	6 880	6 680
<b>Sum</b>	-	-	-	-
<b>Investeringsbudsjett</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Storstova	- 500			
Lys Eivindholstjødna	800			
Fotballbane Rosseland	6 000			
Fotballbane Rosseland - Rosseland ballklubb	- 2 000			
Fotballbane Rosseland - refusjon	- 2 000			
Ny idrettshall	5 000	22 000		
Ny idrettshall -spelemidler		- 3 000	- 3 000	- 3 000
Ny idrettshall -Bryne handball		- 4 500		
Parkeringshall	- 5 000	- 7 000		
Gymsal Bryne skule		- 4 000		
Gangsti Undheim-Taksdal	2 200			
Utskiftning av gatelys	- 2 200			
Symjehall			49 000	100 000



Symjehall-spelemidler				- 36 000
Bortfall tilskott vindmøller	1 500	1 500	1 500	1 500
Overført frå investering	- 3 020	- 2 550	- 6 880	- 6 680
Låneopptak	- 780	- 2 450	- 40 620	- 55 820
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjettrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2021.
3. Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøynet som Stortinget vedtek.
4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

Time kommune	31.12.2020	Nye	Redusert	31.12.2021
Oppvekst	563,0	2,6	-0,3	565,3
Omsorg	396,5	7,7	-3,0	401,2
Samfunn	167,1	19,9	-0,4	186,6
Stabstenester	52,8	0,1	-1,4	51,5
<b>Årsverk i alt</b>	<b>1 179,4</b>	<b>30,3</b>	<b>-5,1</b>	<b>1 204,6</b>

5. Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2021», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, byggje-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrtårnsertifiserings-, seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, samt frikjøpsordning for manglande felles uteopphaldsareal i Time kommune 2021.
6. a) Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp lån på 130 millionar kroner i 2021. Avdragstida vert sett til 30 år.  
b) Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2021. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.
7. a) Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2021 vert sett av tildisposisjonsfond.  
b) Amortifisert premieavvik for 2020 vert utgiftsført i 2021 og dekt av disposisjonsfondet.
8. Det vert ikkje lagt fram ny politisk sak om val av alternativ for framtidig rehabilitering/utbygging av Nye Storstova før etter 2024, jamfør KS-082/18.
9. Kommunestyret ber rådmannen greia ut innføring av eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk og kraftnettet etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c innan neste økonomiplan vert lagt fram, og med mål om utskrivning i 2022.
10. Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidsretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.
11. Kommunestyret ber om ein gjennomgang av kommunale bygg for å vurdere om bygg kan vera eigna til energieffektive løysingar når klimaplanen skal reviderast neste år.
12. Kommunestyret ber om ei sak om mogleg badeanlegg i Frøylandsvatnet. Vi ønsker å sjå på dette i samanheng med planen om toalett i Sandtangen.
13. Kommunestyret ber om at det blir innført ny eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk og kraftnett etter § 3, frå 1. januar 2021. Kommunestyret ber om at administrasjonen set i gang arbeidet med taksering slik at dette er klart i første halvdel av 2021.

14. Kommunestyret ber administrasjonen om å leggja fram ei sak i løpet av 2021 som gjer greie for korleis vi kan leggja best mogleg til rette for betre forhold for Time kulturskule.
15. Omstilling av stilling innen park og grønt. Lønnsmiddler til styrking av grøntområda blir dekkja innan avsett ramme innan Eigedom i perioden.
16. Kommunestyret ber om at administrasjonen planlegg Haugtussaveka med eigne ansatte slik at arrangementet kan gjennomførast som planlagt.
17. Midlene i statsbudsjettet som er knytt til Opptappingsplan for barn og unges psykiske helse i kommunen, vert brukt til å styrke tilbudet om lågterskel psykisk helsehjelp som blir gitt til Familiesenteret.

### Time kommunestyre

Endringsforslag frå **Ole Jørgen Alstadsæter (H)** Pkt. 9 går ut.

Endre pkt. 13 (blir pkt 12) til: Kommunestyret innfører frå 2021 eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftanlegg og kraftnett etter eigedomsskattelovas § 3 bokstav c.

Nytt pkt. 17: Rådmannen må leggje fram ny sak for vedlikehold/ombygging av Hognestad skule før økonomiplanen 2022 blir lagt fram.

Forslag frå **Geir Pollestad (Sp)** Som fleirtalsframlegget, men med tillegg under investeringsbudsjettet.

Investeringsbudsjett	2021	2022	2023	2024
Hognestad skule	10 000	15 000	25 000	

Finansierast med låneopptak.

Forslag frå **Jone Edland (Ap)** Endringer i forhold til rådmannens forslag:

Driftsbudsjett	2021	2022	2023	2024
Gratis SFO til alle elevar på første trinn haust 2021	400	800	800	800
50 % reduksjon i kulturskulen	50	50	50	50
Haugtussaveka	- 250	-250		
1 årsverk park og grønt	- 300	-600	-600	-600
<b>Sum</b>	<b>100</b>	<b>0</b>	<b>250</b>	<b>250</b>

Investeringsbudsjett	2021	2022	2023	2024
Parkeringshall	-5000	-7000		
Symjehall		49000	100000	
Symjehall spelemidler			-36000	
Ny idrettshall	40000	27000		
Ny idrettshall spelemidler		-3000	-3000	-3000
Låneopptak	0	61000	16000	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Forslag frå **Ingrid Fiskaa (SV)** Endringsforslag til rådmannen si innstilling:  
Stryk punkt 8.

Erstatt punkt 9 med: Kommunestyret ber rådmannen greia ut innføring av eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §3 bokstav a innan neste økonomiplan vert lagt fram, og med mål om utskriving i 2022. Det skal vera eit høgt botnfrådrag ved eigedomsskatt på bustader.

Nye punkt:

11. Kommunestyret ber om nytt kostnadsoverslag og forslag til plan for rehabilitering av Hognestad skule snarast mogleg, med sikte på at rehabiliteringa kan starta opp i andre halvdel av 2021.

12. Kommunestyret ber om at det blir sett i gang eit arbeid med sikte på å etablera eit bufellesskap for ungdommar med funksjonshemmingar på Frøyland/Kvernaland.

13. Ved utbetring av leikeplassar og ballbingar, skal kommunen bruka miljøvennlege underlag og fjerna plastgranulat.

Nye forslag - DRIFT 2021

**Reduserte driftsutgifter:**

20% reduksjon i lønn til folkevalde - 980 000 kr

Avvikla stillinga som næringssjef - 950 000 kr

**Auka driftsutgifter:**

30% redusert pris på SFO, 1. og 2. klasse - 400 000 kr

Barnetrygd til alle (barnetrygda blir ikkje lenger rekna som inntekt ved utrekning av sosialhjelp, 50% verknad i 2021) - 1 200 000 kr

Skatepark på Undheim - 190 000 kr

Oppstart rehabilitering av Hognestad skule - 140 000 kr

Vidareføring av Hognestad skule inneber driftskostnader som blir tatt frå ramma på undervisning.

Sum, endringar på driftsbudsjettet for 2021: 0 kr.

**INVESTERINGAR**

**Reduserte investeringskostnader:**

Ikkje bygga parkeringshall ved ny idrettshall på Bryne.

**Auka investeringskostnader:**

Rehabilitering av Hognestad skule, med oppstart i 2021.

Bygga idrettshall med to speleflater på Bryne.

Bygga symjehall på Bryne.

Gangsti ved Undheim til Taksdal bru (2,2 mill.). Inndekning frå post 5643 utskifting av lysmaster.

Auka årlege inntekter med eigedomsskatt på bustader og næring frå 2022 vil ved eit forsiktig anslag vera på 15 millionar første år (med 1 promille og med eit høgt botnfrådrag) når også kostnader ved innføring er trekt frå. I tillegg kjem eigedomsskatt på kraftanlegg. Denne auka inntekta føreslår me skal gå til auka investeringar.

Endringar i investeringsbudsjettet:

	2021	2022	2023	2024
--	------	------	------	------

Parkeringshall	- 5 000	- 7 000		
Ny idrettshall (fråtrekt spelemidler)	5 000	19 000		
Symjehall (fråtrekt spelemidler)			49 000	64 000
Gangsti Undheim-Taksdal, fråtrekt utskifting av lysmaster	0			
Overført frå drift (eigedomsskatt)		- 15 000	- 22 000	- 25 000
Låneopptak	0	0	- 27 000	- 39 000
Sum	0	- 3 000	0	0

For rehabilitering av Hognestad skule legg me til grunn at alternativet til 48 millionar kroner frå skulebruksplanen, med auka årlege driftskostnader på 2,1 millionar frå og med 2022, er maksimum. I påvente av nytt kostnadsoverslag som vedtatt av kommunestyret 27. oktober, er tala ikkje lagt inn her. Investeringa finansierast gjennom auka låneopptak. Noko utgifter kan påreknast også i 2021 (sjå endringar på driftsbudsjett for 2021).

#### Protokolltilførsel frå **Anders Undheim (Uavh)**

Parkeringshall under nye idrettshaller burde vært inkludert i budsjettsummen på 87 millioner kroner for bygging av 2 idrettshaller.

#### **Avrøysting:**

Forslaget frå Ingrid Fiskaa fekk 3 røyster og falt (2 SV, Svein F. Hestvaag Uavh).

Forslaget frå Geir Pollestad fekk 7 røyster og falt (5 Sp, Lars Enevoldsen og Svein F. Hestvaag Uavh).

Framlegget med endring frå Ole Jørgen Alstadsæter vart vedtatt med 22 røyster medan 5 røysta for Jone Edland sitt forslag (3 Ap, Ingrid Fiskaa SV og Svein F. Hestvaag Uavh).

#### **KS-095/20 Vedtak:**

1. *Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024, med endringar i samsvar med vedlagt tabell.*

<b>Driftsbudsjett</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Stilling park og grønt	- 300	- 600	- 600	- 600
Reduksjon næring	- 600	- 1 200	- 1 200	- 1 200
Haugtussaveka	- 250	- 250		
Korona	- 2 000			
Kinoen	- 1 000	- 1 000	- 1 000	- 1 000
Blå kors/natteravner	150	150	150	150
ATV	500	500	500	500
Bryne FK - profileringstilskot	300	300	300	300
Skatepark Undheim	190			
Skuletur	400	400	400	400
Matsentralen	70	70	70	70
Ungdomsråd	20	20	20	20
Hognestad skule		1 800	4 000	4 000

Rammejustering undervisning		- 1 800	- 4 000	- 4 000
endra renter/avdrag		60	480	2 680
Kraftskatt?	- 500	- 1 000	- 6 000	- 8 000
Overført til investering	3 020	2 550	6 880	6 680
<b>Sum</b>				
<b>Investeringsbudsjett</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Storstova	- 500			
Lys Eivindholstjødna	800			
Fotballbane Rosseland	6 000			
Fotballbane Rosseland - Rosseland ballklubb	- 2 000			
Fotballbane Rosseland - refusjon	- 2 000			
Ny idrettshall	5 000	22 000		
Ny idrettshall -spelemlidar		- 3 000	- 3 000	- 3 000
Ny idrettshall -Bryne handball		- 4 500		
Parkeringshall	- 5 000	- 7 000		
Gymsal Bryne skule		- 4 000		
Gangsti Undheim-Taksdal	2 200			
Utskiftning av gatelys	- 2 200			
Symjehall			49 000	100 000
Symjehall-spelemlidar				- 36 000
Bortfall tilskott vindmøller	1 500	1 500	1 500	1 500
Overført frå investering	- 3 020	- 2 550	- 6 880	- 6 680
Låneopptak	- 780	- 2 450	- 40 620	- 55 820
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2021.
3. Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyet som Stortinget vedtek.
4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

Time kommune	31.12.2020	Nye	Redusert	31.12.2021
Oppvekst	563,0	2,6	-0,3	565,3
Omsorg	396,5	7,7	-3,0	401,2
Samfunn	167,1	19,9	-0,4	186,6
Stabstenester	52,8	0,1	-1,4	51,5
<b>Arsverk i alt</b>	<b>1 179,4</b>	<b>30,3</b>	<b>-5,1</b>	<b>1 204,6</b>

5. Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2021», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, byggje-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrtårnsertifiserings-, seksjoneringssaker og

*oppmålingsforretning, samt frikjøpsordning for manglende felles uteoppholdsareal i Time kommune 2021.*

6. a) *Kommunestyret godkjenner at det vert teke opp lån på 130 millionar kroner i 2021. Avdragstida vert sett til 30 år.*  
b) *Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2021. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.*
7. a) *Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2021 vert sett av tildisposisjonsfond.*  
b) *Amortifisert premieavvik for 2020 vert utgiftsført i 2021 og dekt av disposisjonsfondet.*
8. *Det vert ikkje lagt fram ny politisk sak om val av alternativ for framtidig rehabilitering/utbygging av Nye Storstova før etter 2024, jamfør KS-082/18.*
9. *Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidsretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.*
10. *Kommunestyret ber om ein gjennomgang av kommunale bygg for å vurdere om bygg kan vera eigna til energieffektive løysingar når klimaplanen skal reviderast neste år.*
11. *Kommunestyret ber om ei sak om mogleg badeanlegg i Frøylandsvatnet. Vi ønsker å sjå på dette i samanheng med planen om toalett i Sandtangen.*
12. *Kommunestyret innfører frå 2021 eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftanlegg og kraftnett etter eigedomskattelovas § 3 bokstav c.*
13. *Kommunestyret ber administrasjonen om å leggja fram ei sak i løpet av 2021 som gjer greie for korleis vi kan leggja best mogleg til rette for betre forhold for Time kulturskule.*
14. *Omstilling av stilling innen park og grønt. Lønnsmiddler til styrking av grøntområda blir dekkja innan avsett ramme innan Eigedom i perioden.*
15. *Kommunestyret ber om at administrasjonen planlegg Haugtussaveka med egne ansatte slik at arrangementet kan gjennomførast som planlagt.*
16. *Midlene i statsbudsjettet som er knytt til Opptappingsplan for barn og unges psykiske helse i kommunen, vert brukt til å styrke tilbudet om lågterskel psykisk helsehjelp som blir gitt til Familiesenteret.*
17. *Rådmannen må leggja fram ny sak for vedlikehald/ombygging av Hognestad skule før økonomiplanen 2022 blir lagt fram.*

# ÅRSBUDSJETT 2021 OG ØKONOMIPLAN 2021-2024

## SAKA GJELD

Rådmannen legg med dette fram forslag til årsbudsjett for 2021 og økonomiplan for perioden 2021-2024 til politisk behandling.

Inntekts- og utgiftsrammene fastsatt i årsbudsjettet for 2021 er bindande for ressursbruken i kommunen. Rammene i økonomiplanperioden er rettleiande for den komande planlegginga.

Tiltak for 2021 er bindande slik dei kjem fram i tekstdelen, og dei skal følgjast opp av administrasjonen når økonomiplanen er vedtatt.

Det er formannskapet som innstiller saka til kommunestyret. Dei andre organa kan koma med ei uttale til saka.

## SAKSOPPLYSNINGAR

Kommunen skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevnen vert ivaretatt over tid og økonomiplanen er det viktigaste økonomistyringsverktøyet som dei folkevalde har. Innanfor bestemte rammevilkår skal vedtatt økonomiplan gi uttrykk for dei politiske prioriteringane som administrasjonen skal følgja opp.

Økonomiplanen er handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel for 2015-2027. Økonomiplanen viser korleis kommunen vil følgja opp dei sju satsingsområda i dei kommande fire åra.

I økonomiplanen er det lagt vekt på at tiltak for 2021 skal vera utforma slik at måloppnåing kan evaluerast i tertialrapportar og årsrapporten. Plandokumentet skal òg gje innsikt i kva grad politiske vedtak og prioriterte planvedtak vert følgde opp i denne økonomiplanen.

I kapittel 8 går det fram kva brukarundersøkingar som er planlagt gjennomført den kommande fireårsperioden og kva interkommunale samarbeid som Time deltek i. Oversikt over progresjon i forhold til planstrategi vil koma i årsrapporten.

Dei handlingsplanane som kommunestyret må vedta for at administrasjonen skal kunna søkja om tilskot, inngår som delplanar i kapittel 7.3 og 7.4.

Kommuneloven § 11-9 tredje ledd gir følgjande føresegn om kommunestyret si behandling av årsbudsjett og økonomiplan:

*Når økonomiplanen eller årsbudsjettet skal behandles i kommunestyret eller i fylkestinget, skal medlemmene ved den endelige avstemningen stemme over forslaget til økonomiplan eller årsbudsjett som helhet. Hvis det er fremmet flere alternative forslag, og ingen av disse får flertall ved første gangs*

*avstemning, skal det deretter stemmes over bare de to forslagene som fikk flest stemmer ved første gangs avstemning.*

Satsar for brukarbetaling og gebyr er samla i vedlegget «Prisar 2021».

Som vedlegg følgjer òg Statistikkhefte 2019, vedtaket i kontrollutvalet den 02.09.2019 som gjeld budsjett for kontroll og tilsyn 2021 og innspel til økonomiplanen frå Time kyrkjelege fellesråd.

Time idrettsråd har fått økonomiplanen til uttale etter offentleggjering 22. oktober 2020, og deira uttale vil verta lagt inn som vedlegg når denne føreligg.

Rådmannen vonar at Timeplanen for 2021-2024 vil gje eit godt grunnlag for politiske prioriteringar og retningsval.

Rådmannen i Time, den 22.10.2020

Trygve Apeland

**Vedlegg:**

Økonomiplan 2021-2024

Prisar 2021

Statistikkhefte 2019

Kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontroll og tilsyn 2021

Time kyrkjelege fellesråd sitt innspel til økonomiplan 2021-2024

Svar på spørsmål knytt til økonomiplan 2021 - 2024

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur*